



## REFERAT - PROSJEKTGRUPPA 28.11.2018

28.11.2018 kl 13:30 - 14:30

Stad: Nordfjordeid, Scandic Nordfjord hotell

Til stades:

Selje	Kristian Nave, leiar for plan og utvikling
Bremanger	Magnhild Myklebust, leiar for plan og forvaltning
Vågsøy	Odd-Robert Solvåg, tenesteleiar for drift og anlegg Yngve Morvik Hjertenes, VA-ingeniør
Eid	Stanislawa Voldsund, rådgjevar skog og miljø
Gloppen	Per Ove Fosshem, einingsleiar kommunal teknikk
Stryn	Odd Rønningen, miljøvernleiar
Fylkeskommunen	Staffan Hjohlman, vassområdekoordinator

### Sak 7-2018 Status for endringar av vassforskrifta (orientering)

Forslag til revidert vassforskrift var på høyring hausten 2017 (jamfør møte i vassområdeutvalet 10.11.2017). Det var då m.a. føreslege at fylkeskommunen ikkje lenger skulle vere vassregionstyresmakt.

I brev datert 5.7.18 frå Klima- og miljødepartementet (KLD) er det presisert at endringar i organiseringa vert stilt i ro og at dette skal sjåast i samanheng med nye oppgåver til fylkeskommunen.

I melding til Stortinget (Meld.St. 6. 2018-2019) *Nye oppgaver til regioner* (s. 73) er det presisert at vassressursforvaltning ikkje vert overført frå fylkeskommunen til staten.

20.11.2018 vedtok Stortinget samrøystes å ta inn naturmangfaldlova som heimel for vassforskrifta. Stortinget ber samrøystes regjeringa å syte for at vassforvaltningsplanane framleis er regionale planar etter plan- og bygningslova, og at planprosessane skal følgje plan- og bygningslova.

### Sak 8-2018 Status for miljøundersøkingar 2018

Vassprøver	elv og innsjø	for det meste ferdig
Planteplankton og vasskjemi	6 vatn	feltarbeid ferdig, rapport før jul
Hydromorfologi	8 elver	påbegynt, rapport våren
Vandringshinder	? elver	påbegynt, framhald 2019

Det var ingen merknader til gjennomføring av undersøkingane.



## Sak 9-2018 Rapport for vassprøver 2016 – 2018

Det skal takast stilling til om det skal lagast rapport for vassprøvetakinga i 2016 – 2018, ev. kva den skal innehalde, og om det er vassområdekoordinator eller konsulent som skal lage den. Vassområdekoordinator ønskjer spesielt tilbakemelding på om det er interesse i kommunane for at det, i tillegg til klassifisering av miljøtilstand etter vassforskrifta, blir inkludert ei vurdering av om vatnet høver til ein eller fleire av desse brukarinteressene: Bading, fritidsfiske, som råvatn til drikkevatt, og jordvatning.

Konklusjon:

Prosjektgruppa støttar å lage rapport over vassprøver 2016 – 2018

## Sak 10-2018 Vandringshinder ved kommunale vegar

Prosjektskisse er vedlagt.

Det kom ikkje innspel på at kommunane har kunnskap om problem med vandringshinder for fisk i tilknytning kommunale vegar.

## Sak 11-2018 Tilskot til vassmiljøtiltak

Miljødirektoratet / Fylkesmannen, søknadsfrist 15.01.

NVE, søknadsfrist 01.07.

Det vart kort drøfta om det er aktuelt å søke om midlar til samarbeid mellom kommunar for å handtere spreidde avløp. Eit slikt prosjekt bør tilpassast fylkesprosjektet, og bør kan hende utsettast til 2020.

## Sak 12-2018 Revidering av regional plan for vassforvaltning 2022-2027

Denne orienteringssaka vart tatt opp på temamøte om avløp, tidlegare same dag, jamfør referat frå temamøtet, sak 4.

Ei viktig oppgåve for vassområdet og kommunane i 2019 blir å lage innspel til revidert tiltaksprogram. I gjeldande tiltaksprogram ligg det inne kunnskapsinnhenting for vassførekomstar som ikkje når miljømåla på grunn av påverknader innanfor kommunalt ansvarsområde. Det er forventa at resultatene av den nyforverva kunnskapen no vil gjere kommunane i stand til å velje tiltak som vil heve den økologiske tilstanden slik at miljømåla blir nådd seinast 2027. Desse tiltaka skal så spelast inn til det reviderte tiltaksprogrammet, som skal på høyring i 2020.



## Sak 13-2018 Nordfjord vassområdeutval – møte 17.12.2018

Framlegg til saksliste. Det vart ikkje tid på møtet til å gå igjennom sakslista.

**Medlemene i prosjektgruppa vert oppfordra om å studere (1) sakslista nedanfor og (2) vedlagte disposisjon/utkast til «Hovudutfordringar i Nordfjord vassområde» og komme med innspel til vassområdekoordinator innan tysdag 4. desember.**

Saker (førebel):

- Revideringa av regional plan for vassforvaltning 2022-2027 (jamfør brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til Sogn og Fjordane vassregionutval 25.10.2018, kopi vedlagt)
  - o Dokumentet «Hovudutfordringar i Nordfjord vassområde» (innspel / godkjenning)
  - o Planprogram til Regional plan for vassforvaltning (innspel)
    - samansetjing av vassområdeutvalet og vassregionutvalet
    - medverknad
    - konsekvensar av kommunesamanslåingar
  - o Kommunane si rolle, fristar 2019 og 2020, innspel til nytt tiltaksprogram (orientering)
  - o Samanslåing av vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane (orientering)
- Status for endringane i vassforskrifta som vart varsla i fjor (jamfør møte i vassområdeutvalet 10.11.2017) (orientering)
- Status for miljøundersøkingar 2018: vassprøver, konsulentoppdrag om innsjøar og forbygde elvar (orientering)
- Prosjekt om vandringshinder ved kommunale vegar (orientering)

29.11.2018  
Staffan Hjohlman  
ref.

# Nordfjord vassområde

## Vedlegg - Prosjektskisse



### Vandringshinder ved kommunale veger

i vassområda Sunnfjord, Nordfjord, Indre Sogn og Ytre Sogn

#### Formål:

- Kartlegge kommunale vegkryssingar av vassførekomstar
- Vurdere betydninga av vegkryssingane som vandringshinder
- Foreslå tiltak

#### Bakgrunn:

For å oppfylle miljømåla etter vassforskrifta lagast det i kvar vassregion ein sektor overgripande forvaltningsplan (Regional plan for vassforvaltning) med et tilhøyrande tiltaksprogram. Som grunnlag for arbeidet med forvaltningsplan og tiltaksprogram stiller vassforskrifta krav om at tilstanden i vassførekomstane skal kartleggast, overvakast og vurderast.

Sektorstyresmakter, fylkeskommunar og kommunar har, innanfor sine ansvarsområde, ansvar for å utgreie forslag til typar tiltak, og utgreie premissane for fastsetting av miljømål. Den styremakt som har ansvar for å treffe vedtak om tiltak blir såleis også ein sentral premissleverandør ved utarbeiding av planer og programmer etter forskrifta.

Som vegstyresmakt har kommunane såleis eit ansvar for å finne ut om fysiske installasjonar som kulvert, rør, bru, vegfylling eller liknande, dannar vandringshinder for fisk der kommunale veger kryssar vassførekomstar.

#### Trinn 1 – Forankring i vassområdeutvala (vedteke vinter 2018)

##### Trinn 2 – Forundersøking (delvis gjennomført)

- Kontakte Statens Vegvesen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for faglege innspel
- Litteraturgjennomgang
- Anslå tal kommunale vegkryssingar av vassførekomstar for å få grep om omfang
- Eksisterande kunnskap i kommunane

##### Trinn 3 – Arbeidsfordeling

- Avklare arbeidsfordeling mellom kommune, vassområdekoordinator og konsulent i prosjektgruppene. Herunder definere konsulentoppdrag
- Involvering av lag og organisasjonar (t.d. lokale jeger- og fiskarlag)

##### Trinn 4 – Gjennomføring

- Anskaffing av konsulent
- Feltundersøkingar
- Rapport og presentasjon